

**Notat**Dato: 04.09.2019  
Arkivsak: 2019/2118-2  
Saksbehandlar: ingsetr

---

**Til:** Fylkesutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Tilskot til Grøn konkurransekraft i Hordaland 2019****1. Samandrag**

Hordaland fylkeskommune gir 13 millionar til 14 grøne utviklingsprosjekt knytt til Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland 2019.

**2. Bakgrunn**

Globalt vert det grønne skiftet stadig viktigare for samfunnsutviklinga. FN's berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. FN's universelle berekraftsmål dannar ei tydeleg ramme for økonomisk, sosial og miljømessig utvikling.

Norge sine nasjonale klimamål er å bli eit lågutsleppsamfunn innan 2050. Målet er lovfesta, til å kutte utsleppa av klimagassar med 80 - 95 prosent frå referanseåret 1990. Norge har under Parisavtalen forplikta seg til å redusere utsleppa med minst 40 prosent innan 2030.

I budsjettet for Hordaland fylkeskommune for 2019 vedtok fylkestinget å vidareføre arbeidet med å styrkje satsinga på grøn konkurransekraft i Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNH) med 1,5 mill. kr øyremarka til grøn konkurransekraft og 1 mill. kr til grønt partnerskap.

I tillegg vedtok fleirtalet auka ramme med kr 10 mill. til satsing med følgjande føringar  
*«Midlane skal fordelast etter søknad og nyttast til næringsutviklingsprosjekt med fokus på fornybarsatsing, ei satsing som kan redusera klimautslepp og andre tiltak innan det «grøne» skiftet».*

Inkludert overførte midlar frå budsjettpostane B-6 *Grøn konkurransekraft* og B-5 *Klimaretta tiltak* frå HNH 2018 vert samla ramme til Grøn konkurransekraft i 2019 kr 13 327 162.

**3. Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland 2019**

Arbeidet med Strategi for grøn konkurransekraft 2019 vart leia av næringsseksjonen. Arbeidsgruppa besto av representanter frå næringsseksjonen og klima- og naturressursseksjonen i Hordaland fylkeskommune.

Strategien tar utgangspunkt i nasjonale føringar og strategiar og FN's berekraftsmål er gjennomgåande tema. Ein synleggjer moglegheitene for prosjektutvikling innafor områda fornybar energi, bioøkonomi, sirkulær økonomi, berekraftig reiseliv og berekraftige samfunn.

Det overordna målet med Strategi for grøn konkurransekraft i næringslivet i Hordaland er å støtte næringsretta utviklingsprosjekt som kan bidra til å redusere klimagassutslepp samstundes som det bidrar til verdiskaping, innovasjon og auka kunnskap. Delmåla er at prosjekta skal medverke til å redusere klimagassutslepp, redusere energibruken og auke bruk av fornybare energikjelder.

Strategiane for å nå måla er som følgjer:

1. Vektlegge samarbeid, nettverk og kunnskapsdeling
2. Vektlegge koplingar mellom næring/offentleg sektor og FoU.
3. Vektlegge koplingar mellom bransjar/klynger.

#### 4. Sakshandsaming og vurdering av søknadane

Totalt kom det inn 37 søknadar med kostnadsramme på 131 500 000,- innan fristen 3. juni til Grøn konkurransekraft i Hordaland. Det vart totalt søkt om kr 43 733 500 i støtte til prosjekta.

I utlysninga var det opplyst om at søknadane skulle vurderast i høve til Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland 2019. Prosjekta vart vurdert med omsyn til om dei falt inn under dei tematiske satsingane (Fornybar energi, bioøkonomi, Sirkulær økonomi og berekraftige samfunn), var med og oppfylle målsettingane om reduksjon i klimagassutslepp, redusere energibruken, auke bruk av fornybare energikjelder og samstundes i minst mogleg grad ha negative verknader på natur og miljø. Det var og viktig at prosjekta skulle treffe eit eller fleire av FN sine berekraftsmål. Samarbeid, nettverk og kunnskapsdeling, god næringslivsforankring og koplingar mellom relaterte bransjar var ynskte element i prosjekt ein ville satsa på.

#### 5. Prosjekt som har fått støtte

Hordaland fylkeskommune gir 13 millionar til 14 grøne utviklingsprosjekt fordelt geografisk i heile fylket og fordelt på tema prioritert i strategien. Prosjekta handlar mellom anna om rein kraftforsyning til cruiseskip, fremjing av urbant og klimasmart landbruk, samarbeid om grøn konkurransekraft i eksisterande verksemder, berekraftig akvakultur og om utvikling av økonomisk berekraftig biogassanlegg for Hardangerregionen.

Prosjekta som har fått tilsegn er beden om å rapportere på måloppnåing i høve strategien.

- Oppfylling av FN's berekraftsmål
- Korleis har prosjektet medverka til reduksjon av klimagassutslepp?
- Korleis har prosjektet medverka til å auke bruk av fornybare energikjelder og/eller redusere energibruk?
- Korleis har prosjektet bidratt til innovasjon og auka kunnskap knytt til grøn konkurransekraft?
- Korleis har prosjektet bidratt til samarbeid, nettverk og kunnskapsdeling innan grøn konkurransekraft?
- Har prosjektet ført til verdiskaping og/eller auka sysselsetjing?

Dei innkomne rapporteringane vil samanfattast og fremjast som ei referatsak til komité for innovasjon og næringsutvikling.

Prosjekt	Søkar	Støttebeløp	Tema
Grøn Næringspark	Kvinnherad Næringservice	1 200 000	Fornybar energi
Gardsvarmeprosjekt Vestlandet 2019 - 2020	Nærenergi Norge AS	280 000	Sirkulær økonomi og fornybar energi
Forprosjekt. Etablere et økonomisk bærekraftig biogassanlegg for Hardangerregionen	Jondal kommune	700 000	Sirkulær økonomi og fornybar energi
Videreutvikling Energilandet	Bergen Næringsråd	250 000	Fornybar energi
Mot lågkarbon i interkontinental	Maritime CleanTech	920 000	Fornybar energi

## shipping

Val av nye energiberarar i maritim sektor	Maritime CleanTech	825 000	Fornybar energi
Grønn næringsutvikling med biogass på Vestlandet	Indre Hordaland Miljøverk IKS	1 340 000	Sirkulær økonomi og fornybar energi
Karbonfangst og andre klimavenlege tiltak for Vestlandsjordbruket	Voss kommune	1 395 000	Bioøkonomi
Bioregion Vestland	Design Region Bergen	990 000	Bioøkonomi og sirkulær økonomi
Grønn konkurransekraft i Alver og Nordhordlandsregionen	Nordhordland Næringslag	1 500 000	Sirkulær økonomi
Building paths towards green and sustainable aquafarming	Prototec AS	1 600 000	Fornybar energi
Upcycling av skip og/eller offshore installasjoner for bruk i byggebransjen	Vill Arkitektur AS	220 000	Sirkulær økonomi
Bybonden i Bergen	Stiftelsen Lystgården	900 000	Bærekraftige samfunn
Grønne ideer hos etablert næringsliv	Os kommune	784 000	Bærekraftige samfunn